

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Fylkesmannen Vestland  
Statens hus  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1053 - 20/8101

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
14.02.2020

## Oversender vedtak til endeleg klagebehandling ved settefylkesmann - gbnr 148/7 Lilleskare

### Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 148/7  
Adresse: Skarsvegen 254, 5911 Alversund  
Tiltakshavar: Jim Lilleskare  
Eigarar: Bjørn Ove Lilleskare og Jorunn Karin Lilleskare  
Klagar: Fylkesmannen i Vestland  
Utsett iverksetting: Nei

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m<sup>2</sup> med etablert kårbusstad (våningshus nr.2 på garden) frå gbnr 148/7. Våningshus nr.2 er det nyaste våningshuset og etablert på Skarsvegen 254 (sørvest for Fylkesvegen). Det eldste våningshuset (som er Sefrak registrert) er etablert på Skarvsegen 657.

Det vart gjeve vart gjeve administrativt avslag i vedtak datert 10.06.2019 i sak 19/30 i tidlegare Lindås kommune.

Avslaget på søknad om fradeling av ny bustadtomt vart påklaga innan rett tid den 10.06.2019 frå Advokatfirmaet Høgseth DA på vegne av Bjørn Ove Lilleskare og Jim Lilleskare den 17.07.2019. Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune utsatte saka for synfaring i møte den 18.09.2019 og var på synfaring den 29.10.2019.

I møte den 30.10.2019 gav plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune klagar medhald. Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune fatta følgjande vedtak:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**«PM - vedtak:**

Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom datert 10.06.2019 vert ikkje oppretthalde. Klagen vert tatt til følgje. Dispensasjonen vert gitt på vilkår av at arealet til frådelt tomt vert justert slik at overflatedyrka mark ikkje vert berørt. Garden er liten, og det er ikkje bruk for hus nummer to på garden. Bruket er også så lite at det ikkje er økonomi i gardsdrifta til vedlikeald av all bygningsmassen. Det vil vere ei føremon for bruket at ein reduserer til eit bustadhus på garden. I Lindås kommune sin samfunnsdel står det at ein skal oppretthalda busetnad i distriktet. Ei frådelling av denne eigedommen vil stetta samfunnsdelen sin strategi 32. Vegen til eigedommen er i bruk, med tinglyste vegreittar til bustadhus og hytte på nedsida av eigedommen. Det vil ikkje verta auka trafikk forbi driftsbygninga på garden. Eigedommen er i utkanten av bruket, og grensar til nabobruket. Frådelinga vil ikkje føre til oppstyking av landbrukseigedommen. Forholdet til føresegn 5.12 i kommuneplanen, der det er sett krav til 100 meter avstand frå eigedom til næraste driftsbygning, ikkje er relevant i denne saka då eigedommen allereie er bebygd. PMU meiner at føresegna berre er aktuell når det er snakk om nybygg. Utvalet ser ikkje at eventuelle ulemper med støy og lukt vil ha noko å seie i denne frådelingssaka, då hus på eigedommen er etablert i eit landbruksområde, og ved eventuell framtidig omsetting av eigedommen vil dette vere openbert for kjøpar. Utvalet ser ikkje at frådeling av det omsøkte arealet vil medføre drifts- eller miljømessige ulemper for garden i eit langtidsperspektiv. Ut frå ei heilskapleg vudering ser utvalet at føremonane for frådeling er vesentleg større enn ulempene ved å ikkje gi dispensasjon.»

Vedtaket om dispensasjon for frådeling av ny bustadtomt er innan rett tid klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev mottatt 26.11.2019 med ref. 2019/5969.

Det ligg føre kommentarar til klagen frå tiltakshavars sin representant Advokatfirmaet Høgseth DA i brev i brev datert 03.01.2020.

Klagen frå Fylkesmannen i Vestland om dispensasjon for frådeling av ny bustadtomt vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der Lindås kommune sitt vedtak datert 30.10.2019 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Areal, plan og miljøutvalet i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

**APM- 015/20 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje, og vi opprettheld vedtaket datert 30.10.2019 i Lindås kommune. Viser til grunngjeving som framgår i vedtaket.

-----  
Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt - gbnr 148/7 Litleskare  
Merknad til klage gbnr 148/7 Litleskare

mail

Klage på vedtak - Lindås - 148/7 Litleskare - oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon

AcosSvarInn.xml

Avslag på søknad om frådelling av kårbustad - gbnr 148/7 Litleskare

Søknad om frådelling av kårbustad - gbnr 1487 Litleskare.

Søknadskjema

Kart,disp og nabovarsel

Mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 1487 Litleskare

samtykke fra hjemmelshavere

Nabovarsel

søknad signert av begge hjemmelshavere

Mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 1487 Litleskare

Opplysninger gitt i nabovarsel

Uttale - Dispensasjon - Fv. 404 - Gbnr. 1487 Litleskare

Uttale - Dispensasjon - Fv. 404 - Gbnr. 1487 Litleskare

Uttale til søknad om oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon - gbnr 1487 Litleskare

Uttale - Lindås - 1487 - Litleskare - oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon

Løyve til deling etter jordlova på landbrukseigedom gbnr 1487 Litleskare

Vidare saksgang for søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 1487 Litleskare -

klage på vedtak

Klage på avslag om dispensasjon - gbnr 1487 Litleskare

VS Vedr

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt - gbnr 1487

Litleskare

Klageavgjerd i byggesak - gbnr 1641 Sletten (Seim)

AcosSvarInn.xml

**Kopi til:**

Advokatfirma Høgseth DA

Litleåsvegen 41 5132

NYBORG

Advokatfirma Høgseth DA

Litleåsvegen 41 5132

NYBORG

Bjørn Ove Lilleskare

Skarsvegen 654 5911

ALVERSUND

Jim Børge Lilleskare

Skarsvegen 657 5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Fylkesmannen Vestland

Statens hus

6863

LEIKANGER